

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
069/21	Formannskapet	PS	03.06.2021
051/21	Kommunestyret	PS	16.06.2021

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Bjørnar Fjellhaug	FE-000, TI-&14	21/373

Årsmelding for 2020 for Austrheim kommune

Framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

Formannskapet - 069/21 - 03.06.2021

FS - behandling:

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om arbeidet med Årsrapport 2020, som er gjort tilgjengelig i den digitale løysinga Framsikt.

- Frå 2021 vert årsrekneskapen og årsrapporten lagt i same sak.
- Legg opp til strategisamling for kommunestyret til hausten, mellom anna med tanke på eigarskap og representasjon.
- Vert tøft økonomisk framover, der ein mellom anna må flytta ressursar over frå skule til helse, med den folketalsutviklinga ein har.
- Rekneskap og årsmelding er godkjent. At det er atterhald frå revisor heng saman med nye krav for oppsett, og formalitetatar som heng saman med den siste oppdateringa av kommunelova.

Per Lerøy (Ap) refererte frå kontakt med revisor, om at rekneskapen er godkjent, og at det er starta ein prosess for på sikra at dei formelle feila vert retta og ikkje kjem tilbake neste år. Lerøy la til at med Framsikt er det lettare å ha oversikt over budsjett og rekneskap.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at tala er veldig lett tilgjengelege med denne løysinga, greitt å finna fram til det ein ønskjer å finna.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at det skal leggest ut ein PDF-variant saman med vedlegga, og at det elles skal ordnast utskrift som er tilgjengeleg i Servicekontoret. (Servicekontoret bidreg med dette)

Inger Lise Brekke (H) sa at storparten som er gjort er bra, dei feila som er gjort med årsmeldinga reknar ein med er retta til neste år. Brekke spurte om skuleverket har tilgang til informasjonen som ligg her i Framsikt, lokalkjent informasjon er kjekkare for skuleborna i undervisninga. Her stadfesta Fjellhaug at dette er mogleg å bruka.

Odd Harald Dommersnes, kommunalsjef økonomi- og personal, sa at det har vore diskusjonar kring

om Framsikt var godkjent for levering av årsrekneskapen. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at kommunen har krav på å driva med digitalisering, og revisjonen må henga med.

Inger Lise Brekke (H) og Helge Dyrkolbotn (KrF) uttrykte begge tillit til at rekneskap og rapport er gjort på ein god måte.

Morten Sognnes (H) sa at også revisjonen må oppdatera seg etter dei nye løysingane som kjem.

Handsaming i formannskapet

Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

FS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

Kommunestyret - 051/21 - 16.06.2021

KS - behandling:

Konstituert kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka. Årsmeldinga er frå 2020-utgåva over i digital drakt, med den digitale løysinga Framsikt. Sidan dette er første året med Framsikt-løysinga, er det ting her som ein reknar med skal bli betre i kommande årsmeldingar.

Er i dialog med revisjonen for å få årsmeldinga og årsrekneskapen heilt i tråd med dei krava som ligg i den nye kommunelova, samt at ein vert samde om korleis den digitale årsmeldinga skal leverast. 2020 enda med overskot, slik at ein etter godkjenning av årsmelding og årsrekneskap kan senda melding til Statsforvaltar og formelt komma ut av Robek-lista.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at årsrapporten er moderne og inneheld den informasjonen ein treng.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa at det var laga ein grundig årsrapport, om også er nyttig for det vidare arbeidet, med opplisting av utfordringar.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes vedteke.

KS - vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Kommunedirektøren har gleda av i år å levere ein digital årsrapport. Årsrapporten finn du på følgjande lenkje: <https://pub.framsikt.net/2020/austrheim/mr-202012-ast/>

Kommunedirektøren skal i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22.6.2018 nr. 83 §§

14-6 og 14-7 sørge for at det skal for hvert kalenderår bli utarbeidd årsregnskap og årsmelding.

Kommunestyret skal vedta årsrekneskapen og årsmeldinga, etter innstilling frå formannskapet, jf. kommunelova §§ 142 og 14-3. Årsregnskapen skal handsamast samstundes med tilhøyrande årsmelding, jf. kommunelova § 14-3. Kontrollutvalet skal uttale seg til kommunestyret om årsregnskapen og årsmelding før formannskapet innstiller til vedtak, jf. § 14-3.

Årsmeldinga eller årsrapporten skal gjera greie for:

- a) forhold som er viktige for å vurdere den økonomiske utviklinga og stillinga, og om den økonomiske utviklinga og stillinga i vare tek den økonomiske handleevna over tid
- b) vesentlege beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlege avvik frå premissane til kommunestyret for bruken av løyvingane
- c) verksemda sin måloppnåing og andre ikkje-økonomiske forhold som er av vesentleg betydning for kommunen eller innbyggjarane
- d) tiltak som er sett i verk og tiltak som er planlagd sett i verk for å sikre ein høg etisk standard
- e) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestilling f. kva kommunen gjer for å oppfylle arbeidsgjevar si aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26. Årsregnskapet skal vera klar innan 22. februar (jf. § 14-6), og årsmeldinga seinast 31. mars (jf. § 14-7).

Austrheim har vore gjennom ein spesiell og krevjande periode. Kommunedirektøren er glad for at vi på kort tid har klart å levere ei høvesvis god årsmelding som gjev eit godt oversyn over tenestene, økonomien og produksjonen i 2020.

Framtidig rapportering og budsjett- og økonomiplan vil verte levert som digitale løysingar. Dei som vil ha behov for det, kan få eit pdf-dokument ved å venda seg til kommunen. Vi trur at mykje ligg i gode digitale løysingar som gjev det oversiktleg og lett å finne fram.

Vi har lagt bak oss eit svært krevjande år både med arbeid i å koma ut av ROBEK, samstundes som ein verdsomfattande pandemi for alvor slo inn over oss tidleg i 2020. Det har prega store delar av drifta gjennom 2020 og vonleg ser vi lyset i enden av pandemien.

Kommunedirektøren vil rette ei stor takk til alle tilsette for ekstraordinært takke alle for godt samarbeid og ekstraordinær innsats i 2020. Takk også til ordførar og politikarar for godt samarbeid!

Revisjonsberetning.

Revisjonsberetninga frå revisjonen vert vedlagt årsrapport og årsrekneskapen for 2020. Kontrollutvalet har også handsama årsrapport og årsrekneskapen og deira uttale følgjer også saka.

Årsrapporten er levert i tide og har med dei vesentlege punkta og er etter lova.

Kommunedirektøren ser at det er påpeika nokre punkt når det gjeld årsrekneskapen frå revisjonen. Dette tek kommunedirektøren til etterretning og orsakar at dette ikkje har vore fanga opp og vil retta dette for ettertida. Det må peikast på at det har vore utskifting i heile leiinga i løpet av 2020 og dei som var ansvarleg for levering av årsrapporten i 2020, har ikkje vore med i 2021. Vi skulle ha fanga

opp alle endringane i kommunelova som var gjeldande frå 2020, men her har noko glippa. Dette vil bli retta opp for ettertida og kommunedirektøren beklagar at det formelle ikkje har vore heilt på stell. Likevel er det ikkje funne feil i rekneskapen, den er rett og i balanse og syner eit resultat som fører oss ut av ROBEK. Det vert også peika på at det har vore god økonomistyring, sjølv om ikkje alle formelle oppsett har vore gjort i tråd med ny kommunelov.

Vurdering

Kommunedirektøren legg fram digital årsrapport for 2020 med vedlegg til godkjenning for kommunestyret. Årsrekneskapen vert lagt fram i eiga sak.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner årsrapporten for 2020 for Austrheim kommune.